



LEDIGE STILLINGAR SOM BRANNMANSKAP I SANDØY BRANNVESEN

Sandøy brannvesen har tre ledige deltidsstillingar som brannkonstabel/ røykdykkar på Harøya. Kvar stilling utgjer 2,2 % av heil stilling (43 timar pr.år). Stillinga lønnast etter gjeldande tariffavtale. Det er generell beredskapsplikt med bæring av tetra-radio, som gjev eitt tillegg på 22 000.- pr.år.

Det er krav om å skrive under på erklæring om teieplikt.

Søkjarane må innhente samtykke frå hovudarbeidsgjevar som tillét at arbeidstakaren forlét sitt arbeid ved utrykkingar i brannvesenet.

Dei som blir tilsett er forplikta til å gjennomføre dei påkravde kursa og opplæringa som stillinga krev. Tilfredsstillande helseattest og utvida politiattest må kunne leggjast fram ved tilbod om jobb.

I tillegg må vedkomande vere i god fysisk form med tanke på test som røykdykkar.

Krav til stillingane:

- Førarkort klasse B
- Disponerer bil

Ønska kvalifikasjonar for stillingar:

- Er tilsett med dagtid hjå hovudarbeidsgjevar
- Tilfredsstiller krav til innsatstid
- Har førarkort klasse C og BE
- Har bestått vidaregåande skule med fag/svennebrev eller anna relevant utdanning
- Tilfredsstiller medisinske testkrav for røyk-/kjemikaliedykkar (god fysikk)
- Kan symje
- Gode samarbeidsevner, løysingsorientert og ha ei sørvisretta haldning
- Innsatsvilje, vere fleksibel og ansvarsbevisst
- Evne til å takle stort arbeidspress i periodar
- Tenkje sikkerheit

Søkjarar må ha avklart sitt høve til vernepliktsverket/ førstegangsteneste. Før tilsetjing blir aktuelle kandidatar sendt til bedriftshelsetenesta for ei målretta helseundersøking og det må kunne dokumenterast plettfril vandel gjennom politiattest. Aktuelle kandidatar må i tillegg gjennomføre fysisk test m.m før tilsetjing.

Vi søker særleg yngre personar, og kvinner oppfordrast til å søkje.

Nærare informasjon:

Brannsjef Kim-Andrè Breivik 977 42 771
eller utrykkingsleiar Gerhard Strand Fitje 950 42 690

Skriftleg søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar sendast til Sandøy kommune, Steinhamnsvegen 112, 6487 Harøy eller e-post til post@sandoy.kommune.no

Det er ikkje sett søknadsfrist, søknader vurderast fortløpande.

Utlysingsteksten finn du og på www.sandoy.kommune.no